



Arkivnr: 2015/11453-9  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		26.01.2016

### Budsjett for fellesmidlar 2016

#### Samandrag

Av ramma for Fagskolane i Hordaland er det for budsjettåret 2016 sett av 1,5 millionar kroner til fellesmidlar. Dette er midlar som vert nytta til mellom anna marknadsføring, styrekostnader, reiseutgifter og kostnader som er felles for dei tre fagskulane.

#### Forslag til vedtak

Følgjande budsjett for fellesmidlar vert vedteke for 2016:

#### Budsjett - fellesmidlar 2016

Post	
Marknadsføring	600 000
Utviklingsmidlar	500 000
Styrekostnader og reiseutgifter	100 000
Andre utgifter	200 000
Uventa utgifter	100 000
<b>Totalt</b>	<b>1 500 000</b>

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.12.2015**

Av ramma for Fagskolane i Hordaland er det for budsjettåret 2016 sett av 1,5 millionar kroner til fellesmidlar. Dette er midlar som vert nytta til mellom anna marknadsføring, styrekostnader, reiseutgifter og kostnader som er felles for dei tre fagskulane.

Følgjande budsjett vert føreslått for fellesmidlane i 2016:

### **Budsjett - fellesmidlar 2016**

Post	
Marknadsføring	600 000
Utviklingsmidlar	500 000
Styrekostnader og reiseutgifter	100 000
Andre utgifter	200 000
Uventa utgifter	100 000
<b>Totalt</b>	<b>1 500 000</b>

Forklaring til postane i budsjettet:

1. Marknadsføring  
Budsjett til marknadsføring går mellom anna til annonsering i sosiale media, visning av reklamefilm, deltaking på utdanningsmesse i Grieghallen og annonsar i trykte media.
2. Utviklingsmidlar  
Dette er ein ny post som er tenkt å verte nytta til utviklingstiltak ved fagskulane. Døme på dette kan vere rekrutteringskampanje ved helsefag, støtte til utvikling av nye fagskuletilbod og kompetanseheving.
3. Styrekostnader og reiseutgifter  
Denne posten skal dekkje utgifter til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for styret ved styremøta og anna representasjon. I tillegg skal posten dekkje reiseutgifter og konferansar for styret og administrasjonen ved Opplæringsavdelinga i samband med fagskuleføremål.
4. Andre utgifter  
Posten *Andre utgifter* skal dekkje kostnader knytt til fellesutgifter som til dømes medlemskap i *Råd for offentlige fagskoler* (RFF), nasjonal fagskulekoordinator, Nasjonalt opptakskontor for fagskolen og eventuelle kostnader ved utvikling av skuleadministrative system.
5. Uventa utgifter  
Denne posten skal dekkje eventuelle uventa utgifter som kan oppstå i løpet av budsjettåret. Posten kan også dekkje eventuelle fellesutgifter for medlemskap i *Organisasjon for Norske fagskolestudenter* (ONF), dersom styret vedtek å gje støtte til eit slikt medlemskap for fagskulestudentane.